

KOMMISJONSFORORDNING (EU) nr. 263/2011

2016/EØS/7/22

av 17. mars 2011

om gjennomføring av europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 458/2007 om det europeiske systemet for integrerte statistikkar over sosial tryggleik (ESSPROS) med omsyn til iverksetjing av ei fullstendig datainnsamling for ESSPROS-modulen om netto ytingar knytte til sosial tryggleik(*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 458/2007 av 25. april 2007 om det europeiske systemet for integrerte statistikkar over sosial tryggleik (ESSPROS)⁽¹⁾, særleg artikkel 5 nr. 2 og artikkel 7 nr. 3, og

ut frå desse synsmåtene:

1) Ved forordning (EF) nr. 458/2007 er det fastsett ei metodologisk ramme som skal nyttast ved utarbeiding av statistikkar som kan jamførast til nytte for Den europeiske unionen, og fristar for innsending og spreing av statistikkar som er utarbeidde i samsvar med det europeiske systemet for integrerte statistikkar over sosial tryggleik (heretter kalla «ESSPROS»).

2) I medhald av artikkel 5 nr. 1 i forordning (EF) nr. 458/2007 vart det i alle medlemsstatane gjennomført eit forsøk med datainnsamling for året 2005 med sikte på å innføre ein modul om netto ytingar knytte til sosial tryggleik.

3) Ettersom ei samanfating av forsøket med den nasjonale innsamlinga av data har vist at resultatet av dei aller fleste forsøksstudiane er positive, bør dei gjennomføringstiltaka som er naudsynte for å setje i verk ei fullstendig datainnsamling for modulen om netto ytingar knytte til sosial tryggleik, vedtakast.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 71 av 18.3.2011, s. 4, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 107/2011 av 30. september 2011 om endring av EØS-avtalens vedlegg XXI (Statistikk), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 65 av 1.12.2011, s. 21.

(¹) TEU L 113 av 30.4.2007, s. 3.

4) Opplysningane i modulen om netto ytingar knytte til sosial tryggleik bør samlast inn på grunnlag av ei avgrensa tolking, slik at mottakarpopulasjonen er den same som populasjonen av mottakarar av brutto ytingar knytte til sosial tryggleik, som det er samla inn opplysningar om i det grunnleggjande ESSPROS-systemet.

5) I medhald av artikkel 7 nr. 3 i forordning (EF) nr. 458/2007 bør det vedtakast gjennomføringstiltak for det første året då det skal samlast inn fullstendige data, og tiltak som gjeld den nærmare klassifiseringa av data som er omfatta, definisjonane som skal nyttast, og reglane for spreing av modulen om netto ytingar knytte til sosial tryggleik.

6) Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, er i samsvar med fråsegna frå Utvalet for det europeiske statistikkssystemet —

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

Artikkel 1

1. Medlemsstatane skal kvart år sende over til Kommisjonen (Eurostat) data som gjeld ESSPROS-modulen om netto ytingar knytte til sosial tryggleik. Referanseperioden skal vere kalenderåret.

2. Fristen for innsending av data for året N, saman med eventuelle reviderte data frå tidlegare år, er 31. desember i året N + 2.

3. Det første referanseåret då det skal samlast inn fullstendige data om netto ytingar knytte til sosial tryggleik, skal vere 2010.

Artikkel 2

1. Definisjonane som skal nyttast i samband med modulen om netto ytingar knytte til sosial tryggleik, er fastsette i vedlegg I.

2. Dei nærmare klassifiseringane som skal nyttast i modulen om netto ytingar knytte til sosial tryggleik, er fastsette i vedlegg II.

3. Kriteria for spreing av data som gjeld modulen om netto ytingar knytte til sosial tryggleik, er fastsette i vedlegg III.

Artikkel 3

Denne forordninga tek til å gjelde 20. dagen etter at ho er kunnjord i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 17. mars 2011.

For Kommisjonen

José Manuel BARROSO

President

VEDLEGG I

Definisjonar for modulen om netto ytingar knytte til sosial tryggleik

1. Dei definisjonane som er fastsette i artikkel 2 i forordning (EF) nr. 458/2007, skal nyttast.
2. Dei definisjonane som er fastsette i nr. 1.3. «Utgifter knytte til ordningar for sosial tryggleik» i vedlegg I til kommisjonsforordning (EF) nr. 10/2008⁽¹⁾, skal nyttast.
3. I denne forordninga tyder vidare:
 - 3.1. «netto ytingar knytte til sosial tryggleik – avgrensa tyding» sosiale ytingar etter frådrag av skattar og trygde- og pensjonspremiar som mottakaren betalar av sosiale kontantyingar, og etter at eventuelle resterande skatteføremoner er lagde til, etter følgjande formel:

Netto sosiale ytingar (avgrensa tyding) = brutto ytingar knytte til sosial tryggleik* (1-AITR-AISCR) + resterande skatteføremoner

Resterande skatteføremoner bør takast med i utrekninga av netto sosiale ytingar berre dersom dei ikkje er tekne med direkte i AITR og/eller AISCR,
 - 3.2. «gjennomsnittleg skattesats (AITR) for ei yting (eller gruppe av ytingar)» summen av skattar som mottakarane betalar av ytinga, dividert med den samla inntekta av denne ytinga (dvs. motteken brutto yting),
 - 3.3. «gjennomsnittleg trygde- og pensjonspremie (AISCR) for ei yting (eller gruppe av ytingar)» summen av trygde- og pensjonspremiar som mottakarane betalar av ytinga, dividert med den samla inntekta av denne ytinga (dvs. motteken brutto yting),
 - 3.4. «resterande skatteføremon» den delen av den samla verdien av ein skatteføremon som gjeld skattelette på sosiale ytingar (i motsetnad til den delen som gjeld skattelette på alle andre former for inntekt).
4. Dei nærmare definisjonane som skal nyttast ved bruk av denne forordninga, er fastsette i ESSPROS-handboka, som er utarbeidd av Kommisjonen i samarbeid med medlemsstatane.

⁽¹⁾ TEU L 5 av 9.1.2008, s. 3.

*VEDLEGG II***Nærmare klassifiseringar for modulen om netto ytingar knytte til sosial tryggleik**

1. Ytingar knytte til sosial tryggleik er delte inn i ytingar med og utan behovsprøving. Klassifiseringa av ytingar knytte til sosial tryggleik inneheld ei ytterlegare inndeling mellom kontantyttingar i form av ei periodisk utbetaling eller ein eingongssum:
 - ytingar knytte til sosial tryggleik,
 - ytingar knytte til sosial tryggleik, utan behovsprøving,
 - kontantyttingar, utan behovsprøving,
 - periodiske kontantyttingar, utan behovsprøving,
 - eingongsyttingar i kontantar, utan behovsprøving,
 - ytingar knytte til sosial tryggleik, med behovsprøving,
 - kontantyttingar, med behovsprøving,
 - periodiske kontantyttingar, med behovsprøving,
 - eingongsyttingar i kontantar, med behovsprøving.

 2. Ytingane vert delte inn etter funksjon, slik det er fastsett i artikkel 2 bokstav b) i forordning (EF) nr. 458/2007. Denne nærmare klassifiseringa er samla på første nivå i klassifiseringa nedanfor:
 - sjukdom/helseteneste,
 - funksjonshemming,
 - høg alder,
 - etterlatne,
 - familie/barn,
 - arbeidsløyse,
 - bustad,
 - sosial utstøying (som ikkje er klassifisert på annan måte).
-

*VEDLEGG III***Kriterium for spreining av data som gjeld modulen om netto ytingar knytte til sosial tryggleik**

1. Eurostat skal offentliggjere opplysningar frå medlemsstatane først etter at opplysningane er samla på tvers av ordningane, og då minst om følgjande:
 - samla netto ytingar knytte til sosial tryggleik,
 - den delen av ytingar knytte til sosial tryggleik som det skal skattast og/eller betalast trygde- og pensjonspremiar av,
 - netto ytingar knytte til sosial tryggleik etter funksjon,
 - ytingar med behovsprøving i motsetnad til ytingar utan behovsprøving.
 2. Kommisjonen (Eurostat) skal på oppmoding spreie detaljerte data som er delte inn etter ordning og medlemsstat, til særskilde brukarar (nasjonale styresmakter som utarbeider ESSPROS-data, kontora til Kommisjonen og internasjonale institusjonar).
 3. Dersom den aktuelle medlemsstaten gjev samtykke til full spreining av data, skal dei særskilde brukarane få løyve til å offentliggjere data inndelte etter ordning.
 4. Dersom den aktuelle medlemsstaten ikkje gjev samtykke til full spreining, skal dei særskilde brukarane få løyve til å offentliggjere data som er samla på tvers av ordningar. Samlinga på tvers av ordningar skal vere i samsvar med dei reglane for spreining som er fastsette av den aktuelle medlemsstaten.
-